

- Fanatikarar vil ha Jesus bort frå skulen

28.12.2011



Gunnar Kjærland:- Vi lever i ei underleg tid

Rundt rekna 50 møtte fram til den tradisjonelle juletrefesten i Vonheim i kveld og det dei vil minnast best er truleg talen til den stadig like spreke misjonær og forkynnar Gunnar Kjærland. 88-åringen sa denne gongen mellom anna dette:



Jaran las juleevangeliet

- Vi lever i ei underleg tid der regjering og styresmakter påverka  
av fanatikarar vil ha bodskapen om Jesus og hans påverknad på folk  
bort.



Musikklaget opna som vanleg festen

Kjærland refererte frå ei 130 år gammal lesebok som er full av moral og vugleiring til dei unge, som han uttrykte det.



*Det var akkurat passeleg med 2 ringar*

- i den tid vi lever i no har foreldra eit veldig ansvar for korleis dei påverkar og oppdrar barna sine.

På skulen får dei ikkje den rettleiing dei fekk før og heimane er heller ikkje dei same.

Kanskje ein skulle freista igjen å bruka aftenbøn, bordbøn ha andakt saman og lesa for dei, sa Kjærland.

Juleevangeliet vart i alle fall lese av ein ung mann - Jaran Jensen Eide - etter at festen hadde begynt på tradisjonell vis med eit utval av juletonar formidla av Musikklaget.

Denne gongen var talet på musikantar 11 og ein må vera imponert over at dei fleste av desse har spela i Vonheim sidan 1987.

Også i år leia Møyfrid Kristoffersen gangen rundt juletreet, som gav plass til 2 ringar i det intime lokalet- Etter ei utruleg rask ommøblering var det matøkt med medbrakt og så kom nissen på besøk.

Deretter gjekk festen vidare med dei tradisjonelle innslaga og slutta seg til ei lang rekke av trivelege samkomer i Vonheim, Også Gunnar Kjærland tykte at det er særleg triveleg å koma dit.

Styreleiar Britt Torill Mathiesen var leiar av festen

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Og så kom nissen og utløyste ein viss skepsis...